

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Randaberg

Emne: Helsing, faktar og åtferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24
Stavanger

G.nr. 60 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg tek berre med dei spursmåla som eg kan svara på.

- Spursmål 1. Ja; Nikkar med hovudet. Nei: Ristar på hovudet.
- - 2. Ikje no. Og ikje för heller, det folk kan minnst.
- - 5. Storbönder eller brukseigarar var det ingen av i Randaberg. Ein tok gjerne hatter av når ein mötte embetsfolk. Mot grannar og andre tok ein det ikje so högtidsamt.
- - 6. Kanskje litt meir "fomelt" når ein var högtidskledd.
- - 12. Nei.
- - 17. Ja, til dels.
- - 19. Nei.
- - 32. Nei.
- - 34. Nei.
- - 35. Nei.
- - 37. Nei.
- - 39. Nei. Av og til for moro.
- - 41. Ja. Når ein ville halda moro med dei.
- - 42. Nei.
- - 50. Folk sa i eldre tid berre "du". Til eldre folk, sjölv til foreldra og besteforeldra ~~De~~ sa velopärgen ungdom "De" (med bokstavrett uttale).
Seinare tok mange til å ape etter byfolkets måte å titale folk på. I det siste er ein på veg attende til å segja "du" til alle.
- - 51. Nei.